

Slep startar i Litauen 3. mars

21.02.2012



Slik skal båten sjå ut når han blir levert frå Eidsvik

Operasjonen er eitpar veker forseinka, men 3. mars skal slepet av Nye Liafjord starte frå Litauen og vera i Uskedalen ei veke etterpå. Det opplysar dagleg leiar Svein Arne Eidsvik. Skroget har vore under byggjing ved Western Baltija Shipyard i Klaipeda som også leverte skroget til verdas største gassferje for Fjord 1. Båten som er designet av Wärtsilä, er utvikla og utstyrt for eit lågast mogeleg drivstoff-forbruk. Det gjer den store fiskebåten billeg å operera og reduserar utsleppet av miljøskadeleg stoff



Skroget under arbeid i Litauen.

Båten som no skal utstyrt av Eidsvik Skipsbyggeri er 64 meter lang og er ein kombinert snurpar og trålar.



Det er svære dimensjonar på fiskebåten

Han er ein vidareutvikling og forbetring av ein serie fiskefartøy som Wärtsilä har levert tidlegare. Den hypermoderne og miljøvennlige båten skal etter planen vera klår for fiske i august. Det er reiarlaget i Liegruppen Fiskeri på Straume som er oppdragsgjevar for prosjektet som også skal omfatta ein båt nummer 2. Den skal vera ferdig utrusta i januar.

Oppdraget betyr full sysselsettjing av 75 oersonar i tida framover og kontraktsverdien er 340 millioner hvis Eidsvik også får utrustinga av båt nummer 2.

Av Ola Matti Mathisen